

# **VEDTEKTER FOR FAU VED NESFLATEN SKULE**

## **§ 1- Foreldrerådet**

Alle foreldre som har barn ved skulen, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

## **§ 2 - Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)**

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) er eit arbeidsutval vald av foreldrerådet og er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldra og skulen. FAU skal sikre reell medverknad for foreldra, og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

## **§ 3 - Val og konstituering**

Val av nytt FAU bør skje på foreldrerådsmøte før sommarferien, slik at FAU er klar til å begynne arbeidet tidleg på hausten.

Det er viktig at dei som har førsteklassingar til hausten vert kalla inn til dette møtet og får delta i valet.

FAU er samansett av 6 representantar, 2 frå kvart skuletrinn( småskule, mellomtrinn og ungdomstrinn), og 3 vararepresentantar, 1 frå kvart skuletrinn.

Det skal velgast kvart år : 3 representantar for 2 år, 1 frå kvart skuletrinn.  
: 3 vararepresentantar for 1 år, 1 frå kvart skuletrinn.

Det nyvalde FAU konstituerer seg på første møtet etter valet .

Det skal velgast leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og 2 styremedlemmer.

**Leiar og nestleiar er representantar til samarbeidsutval og skolemiljøutval, og kommunalt foreldre utval.**

## **§ 4 – Komiteer**

Det kan velgast underkomitéar for FAU som arbeider med nærmere definerte oppgåver eller prosjekt. (*Det kan for eksempel vera skulevurdering, bruk av data i skolen, informasjonstiltak, trafikkspørsmål, spesialundervisning, flerkulturell satsning, planarbeid med mer. Etter forslag frå foreldrerådet bestemmer FAU kva komitear som skal nedsettas*).

## **§ 5 – Møter**

FAU har 2- 3 møter i halvåret, , eller når minst tre av medlemmene krev det. Leiar og rektor lagar innkalling , rektor sender ut innkallinga til foreldra på vegne av leiar.  
Innkalling skal også sendast til varamedlemmar og leggjast ut på [min skule.no](http://min skule.no)  
Referat etter møta skal sendast ut til alle heimar

## **§ 6 – Oppgåver**

Oppgåvene til FAU er å arbeide med, til ein kvar tid, aktuelle saker.

## **§ 7 – Økonomi**

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av foreldrerådet/FAU.  
FAU kan kun gi støtte til formål som kjem skulen direkte til gode.  
Rekneskap vert lagt fram på årsmøtet.( Årsmøtet er siste møtet før nytt FAU overtak)

## **§ 8 – Teieplikt**

Forvaltningslova sine bestemmelser om teieplikt, gjeld for foreldrekontakte og medlemmer av skulen sine rådsorgan (Opplæringsloven § 15 - 1).

## **§ 9 - Endringer av vedtekten**

Vedtekten vert tekne opp ein gong i året( på foreldremøte om våren).  
Forslag til endringar i vedtekten må sendast skriftleg til FAU. Endringsforslag vert tekne opp og vert vedtekne/ ikkje vedtekne på møte i foreldrerådet.